

**REGULERINGSPLAN for  
MASSEUTTAK på Nos**  
Del av gr. nr. 103/6, GAULAR KOMMUNE

B 002 m06

**REGULERINGSFØRESEGNER**

**Pgr. 1**

**1.1.**

Det regulerte området er vist på reguleringsplanen med plangrense.

**Pgr. 2**

**2.1.**

Området er regulert til:

- |                 |   |                          |
|-----------------|---|--------------------------|
| BYGGEOMRÅDE     | - | servicebygg, kontor      |
| LANDBRUKSOMRÅDE | - | jord-og skogbruksformål  |
| SPECIALOMRÅDE   | - | masseuttak               |
|                 | - | felles gards-og skogsveg |

**Pgr. 3**

**BYGGEOMRÅDE**

**3.1.1.**

Innan område B1 kan det oppførast bygningsmasse for funksjonar som har direkte tilknytning til drifta av masseuttaket.

**3.1.2.**

Ved byggemelding skal det – i tillegg til vanleg byggemeldingsmateriale – også gjerast greie for utvendig material- og fargebruk

**Pgr. 4**

**LANDBRUKSOMRÅDE**

**4.1.1.**

Landbruksområdet skal – i tillegg til vanleg jord-/skogbruksformål – også representere ei buffertzone mellom masseuttaket og elva, der det skal kunne etablerast naudsynte anlegg for å hindre avrenning til vassdraget frå drifta av masseuttaket.

## **Pgr. 5**

### SPESIALOMRÅDE

#### **5.1. Massuttak**

##### 5.1.1.

Det kan takast ut massar i tråd med det prinsippet som framgår av profilane som er vist på velagde teikningar nr. 02 og 03, dat. 28.08.00. Det avgjerande her er at masseuttaket vert avslutta med tilbakeføring av lausmassar, jorddekkast og tilsåast/tilplantast i det nivået som på desse teikningane er markert med "framtidig terreng".

##### 5.1.2.

Det bør leggjast opp til ein uttaksplan, som i størst mogeleg grad inneber ei stegvis tilbakeføring av lausmassar og ferdiggjering av terrenget, etter kvart som masseuttaket går fram.

##### 5.1.3.

Dersom det undervegs viser seg ynskjeleg å fråvike føreliggande uttaks-profil, kan dette skje etter revidert uttaksplan, som er godkjend av Gaular kommune.

##### 5.1.4.

Dersom det er ynskjeleg å utvide masseuttaket utom planområdet, må det framleggast revidert reguleringsplan for vanleg handsaming, med mindre kommunen/PU vurderar avviket frå reg.planen som mindre vesentleg.

#### **5.2. Felles gards-og skogsveg**

##### 5.2.1.

Dersom det er ynskjeleg å utvinne massar som medfører flytting av felles gards-og skogsveg, kan dette berre skje etter at vegen er omlagt i tråd med plan som er godkjend av Gaular kommune.

## **Pgr. 5**

### ÅLMENT

##### 5.1.1.

Kommunen kan gjere mindre unntak frå denne utbyggingsplanen og føresegnene, innafør rårnene som til einkvar tid er fastlagde i gjeldande plan- og bygningslov, vedtekter og føresegner.

Førde den 20.09.00  
KjM